

Jan Erik Veltrup

# Nasjonalisme i dansksinnande avis i Slesvig i februar og mars 1920

Bacheloroppgåve i Historie - bachelor

Rettleiar: Anne Engelst Nørgaard

Mai 2024

Jan Erik Veltrup

# **Nasjonalisme i dansksinnende avis i Slesvig i februar og mars 1920**

Bacheloroppgåve i Historie - bachelor  
Rettleiar: Anne Engelst Nørgaard  
Mai 2024

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Det humanistiske fakultetet  
Institutt for historiske og klassiske studiar





HIST2010

-----**Bacheloroppgåve i historie**-----

Tittel:

**Nasjonalisme i dansksinnande avis i Slesvig i februar og mars 1920**

Problemstilling:

Korleis uttrykkjer lokalavisa *Flensborg Avis* og *Hejmdal* fenomenet av dansk nasjonalisme i Slesvig mellom februar og mars 1920?

Antal ord: 10870

Kandidatnummer: 10037

Vår 2024

Forfatter: Jan Erik Veltrup

Rettleiar: Anne Engelst Nørgaard

# Innholdsforteikning

<b>1 INNLEIING</b> .....	<b>2</b>
<b>1,1 Teori</b> .....	<b>3</b>
<b>1,2 Metode</b> .....	<b>7</b>
1,21 Primærkjelda.....	9
1,22 Historiografi.....	10
<b>2 HOVUDEL</b> .....	<b>11</b>
2,11 Historia fram til 1864.....	11
2,12 Provinsen Schleswig-Holstein (1864-1920).....	12
2,13 Folkeavrøystinga.....	14
<b>2,2 Analyse</b> .....	<b>16</b>
2,21 Økonomi.....	16
2,22 Rettferd.....	18
2,23 Debatten om Flensborg.....	20
2,24 Valkampmøter.....	21
2,25 Dei falne soldatar.....	22
2,25 Avrøystinga i sone 2.....	23
2,26 Analyse av illustrasjonar.....	25
<b>3 FUNN OG REFLEKSJON</b> .....	<b>28</b>
<b>3,1 Ikkje-dekte tema og vidare forskning</b> .....	<b>30</b>
<b>4 AVSLUTNING</b> .....	<b>31</b>
<b>5 LITTERATURLISTE</b> .....	<b>32</b>

## Innleiing

Det er sommar 1920. Graset er grønt, vinden er varm, og bølgene frå havet slår inn mot austkysten av Jylland. Det er folkefest. Tusenvis av menneskjer har samla seg frå heile det danske kongeriket. Dei markerer heimkomsten, *Genforeningen*, av hundretusenvis av danskar. Her ved Dybbøl Mølle, som i over 50 år har vore under tysk styre, samlar den danske offentlegheita seg for å feire Sønderjyllands gjenforeining med Danmark.

Slik lydar nok dei meste forteljingane om *Genforeningen* i 1920. Utan å måtte kjempe dei store slagane under fyrste verdskrigen, blei folkeavrøystingar avhalda som skulle avgjere Nord-Slesvig si framtid. Sjølvaste sigermaktene fastsette det i Versaillestraktaten året før.<sup>1</sup> Den 10. februar og den 14. mars blei folkeavrøystingane gjennomført. Resultatet blei eit delt Slesvig, kor den nordlege delen gjekk over til Danmark, mens resten forblei tysk.<sup>2</sup>

Denne oppgåva vil ta for seg korleis fenomenet dansk nasjonalisme utarta seg i Slesvig rundt om folkeavrøystingane i 1920. Meir presis skal problemstillinga lyde følgjande: Korleis uttrykkjer lokalavisa *Flensborg Avis* og *Hejmdal* fenomenet av dansk nasjonalisme i Slesvig mellom februar og mars 1920?

Teksten byrjar med å gjere greie og argumentere for forskingsmetoda ein har vald. Vidare ser ein nærmare inn på nasjonalismeteorien for å leggje ein grunnstein for analysen. So fyllast det inn med den historiske konteksten for Slesvig i 1920. Analysen, hovudvekta av teksten følgjar etter. Her tek ein for seg utsnitt av fleire utgåver til avisa *Hejmdal* og *Flensborg Avis* mellom februar og mars 1920. Ein presenterer utdraget fyrst, for å so analysere det. Slik går det vidare til ein samanfating av analysen. Ein kjem til å analysere dikt, talar, nyheiter, debattinnlegg og illustrasjonar. Til slutt skal funna undersøkjast for å kome til ei konklusjon.

---

<sup>1</sup> Treaty of Peace with Germany 1919: 103

<sup>2</sup> Crone 2020: 27

## Teori

Nasjonalisme er eit omgrep som ofte blir kasta rundt om diverse politiske rørsler.. Ein må då fyrst forstå dei grunnleggjande trekk i omgrepet *nasjonalisme*. Benedict Anderson si bok *Imagined Communities* er eit forsøk på å definere nasjonen ned til to ord.<sup>3</sup> Denne definisjonen har noko for seg. Nasjonen er eit menneskeskapa fenomen, kor menneske aktiv tek til ord for at den eksistere. Frå naturen av finnast den ikkje. Menneske har blitt einige om at nasjonar finnast. I tillegg er desse samfunn samansette av menneske som mest sannsynleg aldri har møtt kvarandre. Korleis kan ein vite at nordmenn har visse kjenneteikn utan å ha møtt alle nordmenn? Det er presis desse førestilla likskapstrekk som skapar konseptet av ein nasjon.<sup>4</sup> Det finnast debatt om når nasjonar blei oppdaga. Modernisme hevdar at nasjonen blei til under dei amerikanske og franske revolusjonane i det seine 1700-talet. *Primordialisme* er ei retning kor ein ser nasjonen som eit gamalt konsept. Ein akseptere at det lange 1800-talet var modningstida for nasjonen, men meiner at nasjonen er mykje eldre enn det. Det finnast felles identitetsmarkørar heilt att til byrjinga av historia. Her meinast det at menneske alltid vil vere tilknytte til ei fast gruppe folk.<sup>5</sup> I denne teksten vil ein ikkje halde seg til ei forståing, sidan nasjonalismen i Slesvig brukar både moderne og primordialistiske forståingar om nasjonen.<sup>6</sup> Ein vil heller utforske den faktisk eksisterande nasjonalismen som kom på trykk i *Hejmdal* og *Flensborg Avis*.

Historikaren Eric Hobsbawn har skriven om nasjonalismens utvikling i det lange 1800-talet. Forklaringa han gjev er ikkje nødvendigvis ein fasit, men meir ein historisk basert teori. Nasjonalisme er eit ungt konsept, ikkje eldre enn 1700-talet. Grunna det blir startåret for ideologien gjerne plassert i 1789.<sup>7</sup> Utbrotet av den franske revolusjonen låg grunnsteinen for 1800-talets mest dominante rørsle. Ein må nemne at faktorar som språk, tru og kultur eksisterte før 1789, men ville fyrst frå det året bli aktualisert for nasjonalismen.<sup>8</sup> Modernismen visar til den mest sentrale faktoren i alt dette. *Nasjonalstaten*, altså at staten styrast av og er representant for ein nasjon kom fyrst i det seine 1700-talet. Før nasjonalstaten var etablert var det snakk om det ein i praksis kan kalle fyrstestatar. Landskap blei eigd

---

<sup>3</sup> Anderson 2006: xi

<sup>4</sup> Anderson 2006: 6

<sup>5</sup> Anderson 2006: 9-12

<sup>6</sup> Hoffmann 1995: 199

<sup>7</sup> Hobsbawn 1990: 3

<sup>8</sup> Hobsbawn 1990: 46-50

direkte av fyrstar som familieeigendom. Det er ein stor skilnad mellom denne statsforma og nasjonalstaten. Ideane om at staten er legitim om den følgjar folkets vilje, spreia seg raskt rundt om Europa, spesielt til Italia og Tyskland. Her skulle nasjonalismen bli meir tilspissa. I fransk nasjonalisme låg all grunnlag til statleg makt i folkets vilje. Dette var i byrjinga berre definert som borgarane i den franske stat. Slik kunne korsikanarar, baskar og bretonar vere like franske som borgarane i Paris.<sup>9</sup> Ut på 1800-talet endra nasjonsomgrepet seg snevre inn kven som er folket og nasjonen.

Språket blir meir aktuelt, spesielt i dei delte tyske og italienske statane. Vi ser at det tyske språket og kultur trekkjast fram som grunnlag for den tyske nasjon. Diktaren Fichte er ein av dei mest prominente teoretikarane i denne rørsla. Med «Talane til den tyske nasjon» i 1806 oppfordrar han til at det tyske folk samlast. Her meinast det alle menneske som snakkar tysk, ikkje borgarar av nokon bestemte land. Han meiner ogso at det tyske folk ar ein historisk rett til det geografiske område dei bur i.<sup>10</sup> Med slike utsakn låg ein grunnlaget for ekskluderinga av visse folkegrupper som ikkje tilhøyrar nasjonen. Sjølv om nokon har budd i eit land i gjennom fleire generasjonar, har ein ikkje nødvendigvis rett å bli buande her.

Her kan ein sjå på den italienske nasjonalisten og revolusjonær Giuseppe Mazzini sine idear om nasjonalstatar. Han såg språket som grunnleggjande i grenseteikninga av nasjonane. Statsgrensa skulle difor følgje språkgrensa. Dette var lettare sagt enn gjord, fordi språket i grenseområde har ofte eit preg av tospråklegheit. Mazzini såg ogso at nasjonalitetsprinsippet, altso prinsippet «kvar nasjon sin stat», berre skulle reserverast for dei større nasjonane. Det sokalla terskelsprinippet. Dette gjorde argumentet for eit samla Italia, hans eget heimland, mykje sterkare.<sup>11</sup> Språklege og kulturelle skilnader når nemleg ogso på tvers av nasjonar, ikkje berre i grenseområda. Det skulle ikkje vere plass til ein venetiansk eller siciliansk nasjon, men berre Italia. Til overrasking til ingen har menneske forskjellige oppfatningar av kva ein nasjon er og kven som er ein del av han. Skandinavia skulle ikkje samlast, men heller delast i mindre statar som Noreg og Finland. Dette er fordi nasjonalismen utartar seg forskjellig frå nasjon til nasjon, og frå ei tid til ei anna.

---

<sup>9</sup> Hobsbawn 1990: 87-88

<sup>10</sup> Kramer 2011: 58

<sup>11</sup> Hobsbawn 1990: 31



Miroslav Hroch har karakterisert utviklinga av nasjonsomgrepet i tre fasar.<sup>12</sup> For det fyrste er nasjonen noko som blir «oppdaga» av kulturelle elitar. Malarar, diktarar og andre kunstnarar skapar ei ide om visse fellestrekk blant eit folk. Døme på det vil vere brødrane Grimm, som reiser rundt i dei tysktalande områda og samlar inn folkeeventyr. Nasjonen som konsept utvidast so til resten av overklassen og borgarskapet. Dei tek til ord for nasjonen og arbeider aktiv for ein nasjonalstat. I den siste fasa kan ein sjå korleis nasjonen blir populært blant heile folket. Det har no vorte ei sokalla masserørsle. Nasjonen har no fått faste symbol. I Danmark har ein det danske flagget Dannebrog og den historiske forsvarslinja i Sør-Slesvig, Dannevirke.<sup>13</sup> Det kan sjåast i slutten av 1800-talet, og når sitt høgdepunkt med utbrotet av fyrste verdskrigen.<sup>14</sup>

Nasjonalismen sitt hovudmål vil alltid vere å samle nasjonen under ein stat. Det kan skje gjennom ein samlingsnasjonalisme av mindre statar, som blir ein større nasjonalstat. Døme for det er Italia og Tyskland. Nasjonalstaten kan skapast gjennom ei nasjonalisering av ein eksisterande stat, som til dømes Danmark eller Frankrike. Minoritetar i ein større nasjonalstat kan ønskje å danne sin eigen stat, dette heiter då utbrytarnasjonalisme. Teoretisk er statens storleik ogso avgrensa, gjennom det sokalla terskelprinsippet. Det betyr at nasjonalstatar berre kan opprettast om visse større geografiske mål er oppnådd. Eit lite land som til dømes Luxembourg har ikkje rett til å eksistere under dette prinsippet, fordi det er for liten. Her må denne nasjonen gå opp i ein anna større nasjonalstat.<sup>15</sup>

Utpå slutten av 1800-talet ser ein at nasjonalisme blir innsnevra. Det betyr at språket ofte blir den einaste faktoren om ein nasjonalstat burde formast. Konseptet av irredentisme blir ogso meir relevant. Irredentisme kan omskrivast som eit fokus på å få samle heile nasjonen, sjølv om delar av nasjonen er ein del av ein anna stat. Døme på dette blir tyskarar som budde i utanfor Tysklands grenser i mellomkrigstida.<sup>16</sup> Slik ser ein at terskelprinsippet blir teken vekk. Noregs unionsoppløysing med Sverige er eit godt døme det. I tillegg blir argumentet om nasjonal sjølvråderett oftare brukt jo lengre ein kjem opp og inn på 1900-talet. Såleis ser ein aukinga av nasjonale disputtar, blant anna i Slesvig, i tiåra rundt hundreårskiftet.<sup>17</sup>

---

<sup>12</sup> Hobsbawn 1990: 104

<sup>13</sup> Hardt 2011: 174

<sup>14</sup> Hobsbawn 1990: 12

<sup>15</sup> Hobsbawn 1990: 103

<sup>16</sup> Østergård 2011: 29

<sup>17</sup> Hoffmann 1995: 285

Det er viktig å poengtere at nasjonalitetsprinsippet ikkje skulle gjeldast for alle folkeslag. Av desse teoretikarane på 1800-talet var alle europearar. Dei snakka ikkje om afrikanaranes sjølvråderett. Den kvite manns folk hadde retten, men resten måtte spørje om pent om å få danne nasjonar. I mange europeiske land blei kolonialvelder bruka som eit nasjonalt prosjekt. Nasjonen kunne vise sin storheit gjennom besetning og plyndring av ikkje-siviliserte land. Nasjonalstaten kunne ikkje skapast av menneske som ikkje følgja Europas døme.<sup>18</sup> Dette nemnast fordi akkurat Danmark og Tyskland er europeiske nasjonalstatar. Dei hadde då i 1920 ei ganske nyleg fortid som kolonialmaktar. Tyskland hadde fleire koloniar i Afrika og Asia, mens Danmark forvalta øyar i Karibia. Enno er Grønland og Færøyane delar av Kongeriket Danmark.<sup>19</sup> Slesvigspørsmålet kan sjåast som den avgjerande faktoren for skapinga av nasjonalstaten Danmark.

---

<sup>18</sup> Anderson 2006: 117

<sup>19</sup> Vollertsen 1992: 113

## Metode

Måten ein lærar og skriv på er essensielt i kva resultatet av ei oppgåve blir. Grunna dette skal ein dedikere eit delkapittel til metode. Dette vil då involvere grunngeving for temaval, kjeldeval, og skriveval.

Eit tema må alltid veljast med omhug, spesielt når det kjem til større tekster. Eit feilval i byrjinga kan øydeleggje mykje seinare. Tidsperioden 1914-1945 er på mange måtar den best utforska perioden i menneskets historie. Likevel so er det visse områdar som har blitt overskygga, som til dømes folkeavrøystingane i Tyskland etter fyrste verdskrigen.

Nasjonalismen har vore ein av grunnsteinane til mykje 1900-talets forferdelege krigar. For Danmark har nasjonalisme både medført både territorial minsking og samling av den danske nasjon.<sup>20</sup> Døme Slesvig var den siste steinen som mangla for skapinga av eit samla Danmark. Argument frå Slesvig, som går for og imot tilslutning til Danmark, er hovudfokuset i bacheloroppgåva.

Kjeldebruk må seiast til å vere historikarens viktigaste arbeid. Det er vanskeleg å finne ikkje-danske primærkjelder rundt folkeavrøystinga i Slesvig i 1920. Ganske enkelt er det grunna i digitaliseringsmangel av dei eksisterande tyske avisar. Arkivbesøk i blant anna Kiel eller Berlin var ikkje mogleg under bachelorskrivinga. Avisar er eit viktig verktøy for forståinga av fortida. Her står det alt frå aktuelle nyheiter, debattar, annonsar og vêrvarslingar, og mykje meir. I tillegg har avisar fleire oppslag i veka. Då blir det mogleg å følgje med på den skrivne diskursen dag for dag. For oppgåva valde eg difor å halde meg til eit utval av avisar trykt i avrøystingsmånadane februar og mars 1920. Utvalet er basert på publikasjonsdato, som til dømes dagen før avrøystingsdatoen. I tillegg brukast ogso avisutgåver som har spesielt interessante artiklar. Desse blei identifisert ved å lese overskrifta og dei fyrste par setningane i avisa. Grunna tida og oppgåva sin omfang hadde ein ikkje tid til å lese alle dei over 100 avisa. Det var då ikkje nødvendig sidan ein har funne ei god variasjon av ytringar, som ogso er identifisert i tidelegare forskning.<sup>21</sup>

Kjeldene som blei valde for teksten består av forskingsartiklar, bøker, avisar og bilete. Som primærkjelde har ein som sagd vald *Flensborg Avis* og *Hejmdal*. Ein har fått tilgang til dei på digitalt vis. For *Hejmdal* gjekk ein på digitalarkivet i det danske nasjonalbibliotek.<sup>22</sup> Her fekk ein avisa i god oppløysning og kvalitet. *Flensborg Avis* har sitt eget digitalt avisarkiv på

---

<sup>20</sup> Østergård 2011: 28

<sup>21</sup> Jebsen & Klatt 2014: 181-211

<sup>22</sup> Her er lenkja til Mediestreamen: <https://www2.statsbiblioteket.dk/mediestream/>

nettsida si.<sup>23</sup> I motsetjing til *Hejmdal*, so eksistere *Flensborg Avis* enno og er aktiv på trykk. Naturlegvis er det visse vurderingar ein må gjere om ein brukar digitale kjelder. Blant anna kan autentisiteten ikkje vere korrekt. I tilfelle med dei valde avisa har ein sjekka nettsidene godt og gjort seg sikker på at avisutgåva er ekte.

I begge avisa er det ikkje alltid tydeleg kven som har skriven kva artikkel. I dei fleste tilfelle nemnast det ikkje forfattar. Då har ein vald å referere til kjelda som avisnamnet sjølv. På den måta er kjelda godt brukbar uansett om det ikkje er informasjon om skribenten. For primærkjeldene sin del må det påpeikast at dei er partisk. Begge avisa er grunnlagd for å gje den dansksinnande rørsle ei røyst.<sup>24</sup> Tyske haldingar visast fram til i artiklane, bøkene og illustrasjonane som vart funnet, men det er ikkje oppgåva sitt fokus.

Tekstkjelda finnast i tre språk, nemleg dansk, tysk og engelsk. Skribenten har god kjennskap til alle desse skriftspråka. Sjølv om skriftspråket er lett forståeleg, so er ikkje nødvendigvis skrifttypen det. I dei fleste trykte verk frå 1920 brukast det gotisk skrifttype. Lesinga av desse kjeldene er ofte krevjande, blant anna det å skilje s, k, f og l frå kvarandre. Difor tok lesinga av primærkjelda mykje av tida i denne oppgåva. Etter kvart vart det noko lettare lese både dansk og tysk i gotisk skrift.

For å unngå forvirring i omgrepa, so skal det mange omgrep komprimerast. Blant anna vil ein konsekvent bruke omgrepet *Slesvig* og ikkje *Sønderjylland*. Befolkninga vil også omtalast som slesvigarar og ikkje sønderjyder, fordi Sønderjylland/sønderjyder var eit politisk lada omgrep i valkampen i 1920.<sup>25</sup> Stadnamna vil i all hovudsak vere på dansk, dette med unntak av den prøyssiske provinsen Schleswig-Holstein og andre særromgrep. Det vil parafraserast ein god del i denne teksten. Ein gjer det i hovudsak grunna lengda til mange av artiklane ein tek i bruk frå *Flensborg Avis* og *Hejmdal*. Dei er nemleg veldig lange og inkludere ofte mykje ikkje-relevant informasjon.

---

<sup>23</sup> Her er lenkja til Flensborg Avis: <https://www fla.de/archive/1920/1>. Merk at ein må lage ein brukar på fla.de for å kunne få gratis tilgang til Flensborg Avis arkivet.

<sup>24</sup> Hoffmann 1995: 259

<sup>25</sup> Flensborg Avis 1920, 8. februar: 1

## Primærkjelda

Ved å tek å bruk avisar har ein funne fram til ytringar som må omskrivast som nasjonalistisk. Det lange 1800-talet såg ein enorm framvekst av informasjonskanalar. Dette gjeld også for Nord-Slesvig, kor to dansksinnande avis kjem fram. Den fyrste av desse er *Flensborg Avis*, fyrst grunnlagd i 1869 som ei dansktalande versjon av *Flensburger Anzeiger*. Som den største og mest sentrale byen i Slesvig, var det naturleg å ha ei danskspråkleg avis her. *Flensborg Avis* var fyrst og fremst lokalavis, men rapporterte om hendingar regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Avisa er enno aktiv.

Den andre store lokalavisa hadde namnet *Hejmdal*, med redaksjon i Åbenrå. Grunnlagd i 1879, blei ho i 1893 kjøpt opp av H. P. Hanssen. Lokal og rikspolitikaren Hanssen ville bli ein av dei mest sentrale røysta på den dansksinnande sida av Slesvigspørsmålet.<sup>26</sup> Namnet til avisa seier nok om kor avisa sto. *Hejmdal* var nemleg ein av gudane i den norrøne mytologi. Bruken av gamle norrøne namn, motiv og forteljingar var populært i heile Skandinavia. Det var eit skilje frå resten av kontinentet. Då var også *Hejmdal* ei lokalavis for Nord-Slesvig med innslag om nyheiter og annonsar.<sup>27</sup> Det begge avis har til felles den utvilsame dansksinnande ståstad. Dei er ikkje upartisk eller nøytrale.

Ein har òg vald å analysere korleis nasjonalismen kjem fram i dei trykte illustrasjonane. Dei blei publisert i begge avisa. Illustrasjonane har moglegheita til å vise ei anna, ikkje-skriftleg, side av nasjonalismen. Blant anna kan metaforar få auka verknad når ein kan sjå dei. I tillegg er det ofte nokon korte tekstbitar under teikninga. Desse tekstdøme er ofte slagord, som for seg sjølv har stor symbolsk verdi. Ved å tek med illustrasjonar kan ein moglegvis gjere oppgåva for brei. Ein meiner då at teksten ikkje vil representere nasjonalismen riktig om illustrasjonane ikkje er med i analysen.

Ved å bruke avisversjonane av illustrasjonane fell fleire element av den originale plakaten vekk. For det fyrste blir utvalet av avisartiklane redusert for å få plass til den i avisa. For det andre er avisa i svart kvitt, som med tekst ikkje har noko betydning. Med bilete so enno meir.<sup>28</sup> Blant anna vil ein ikkje kunne analysere bruken av visse fargar, som raudt og kvitt, dei danske nasjonalfargar. Til slutt må ein merke at illustrasjonane er ifrå tidleg februar. Grunnen er at det ikkje blei trykt nokon illustrasjonar etter avrøystinga i sone 1. Ein veit ikkje heilt

---

<sup>26</sup> Crone 2020: 25

<sup>27</sup> Hoffmann 1995: 260-261

<sup>28</sup> Originalversjonane ligg publisert på Det Kongelige Bibliotek med fargar. Her er lenkja: [Kb.dk](http://Kb.dk)

kvifor, men Jebsen & Klatt (2014) omtalar papirmangel under fyrste verdskrigen.<sup>29</sup> Difor vil plakatane i større grad omhandle sone 1 eller meir generelle tema som går på tvers av heile Slesvig.

### Historiografi

Ein hadde vore uærleg om ein hadde hevda at teksten hær er ein eigen originale ide. Temaet Slesvig/Sønderjylland har interessert mange forskarar. Det følger eit utval av tidlegare forskning, med dette er ikkje ei fullstendig liste. Som Danmarks einaste territoriale ekspansjon i det 20. hundreår, med unntak av landgjenvinning frå havet, vil det naturlegvis skape interesse i Danmark sjølv. Til hundreårsjubileet av Genforeningen har tidsskrifta Akademisk Kvarter av universitetet i Aalborg publisert artiklar som omhandlar berre dette temaet. Blant anna har Katrine Crone skriven ein artikkel om identitet i Sønderjylland i åra 1920 til 1933. Her brukast ogso dei nemnde avisa som analysemateriale. Artikkelen ga inspirasjon til bruk av primærkjelda.<sup>30</sup>

I tillegg har Nina Jebsen og Martin Klatt skriven om identitet rundt om folkeavrøystinga i Slesvig. Dei brukar illustrasjonar som analysemateriale, for å kategorisere denne identiteten.<sup>31</sup> Det var høgst interessant, og var inspirasjonen bak illustrasjonskapitelet i teksten.

Ein vil heller ikkje gløyme arbeidet til den no avdøde Erich Hoffmann i boka hans om nasjonalitetsproblemet i Slesvig 1867-1914.<sup>32</sup> Kjelda har med ei tematisk oppdeling av konflikten i den nemnde perioden. I boka finne ein òg bilete, avisutdrag og grafar. Boka er utgiven av historieföreininga i Schleswig-Holstein, og er informasjonsrik og balansert med både dansksinnande og tysksinnande side godt dekkja.

Det finnast ogso eit fleirbindverk, med namn Dansk Identitetshistorie. Det er store verk med kapittel skriven av enkeltforfattarar.<sup>33</sup> Boka har hjelpt ein til å forstå detaljane i Slesvigspørsmålet, i tillegg til å vise kor viktig spørsmålet var i Danmark sjølv.

---

<sup>29</sup> Jebsen & Klatt 2014: 183

<sup>30</sup> Crone 2020 24-37

<sup>31</sup> Jebsen & Klatt 2014: 181-211

<sup>32</sup> Hoffmann 1995

<sup>33</sup> Lundgreen-Nielsen 1992: 9-179

## Hovuddel

I hovuddelen vil ein byrje med å etablere ein historisk kontekst for den danske nasjonalismen i Slesvig. Vidare kjem fokuset til å gå over til den største delen av oppgåva, analysen. For analysedelen har ein vald å dele han opp i fleire sentrale tema som diskuterast i avisa. Ein vil sjå på argument som omhandlar Slesvigs tid under tysk styre. Dansknasjonale motiv og tema som minnet om 1864 eller Dannebrog skal analyserast og diskuterast. Sentrale spørsmål om rettferd diskuterast i avisa, som ogso skal vere med i analysen. Til slutt vil ein tek med publiserte illustrasjonar.

### Historia fram til 1864

For å kunne forklare nasjonalismen som fylte Slesvig si befolkning i 1920, må ein sjå til fortida. Hertugdømet Slesvig blei etablert på 1200-talet som eit dansk len. Formelt sett so var Slesvig og Kongeriket Danmark aldri politisk samla. I trass for det har den danske monarken styra utanrikspolitikken i både det språkleg delte Slesvig og det sørlege tysktalande Hertugdømet Holsten sidan mellomalderen, gjennom personalunion. Denne blei lovleg fastslått i 1460 i Ribebrevet. Her blei det ogso konstatert at hertugdøma i all tid skulle vere udelt, altså saman.<sup>34</sup> I tillegg til tyskarar og danskar budde det frisarar langs Nordsjøkysten. Slesvig og Holsten skulle haldast samle under eit felles dansk styre gjennom heile mellomalder og tidlege nytid. Etter Napoleonskrigane mista kongen Noreg, men Hertugdøma forblei under hans styring. Eit nytt politisk fellesskap blei ved Wienerkongressen i 1815 skapa i sør, det Tyske Forbundet. Holsten og det vesle, nyleg lagt under danskekongens kontroll, hertugdømet Lauenburg enno lengre sør, var ein del av dette forbund. *Heilstaten* var då dei områda som blei styrt av kongen av Danmark. Kongen hadde forskjellig grad av autoritet i dei forskjellige landskap han eigde. Som hertug av Slesvig og Holsten hadde han ei anna rolle enn som kongen av Danmark. Felles var då at titlane var under same person.<sup>35</sup> Dette ga grunn til konflikter om kongen av den danske stats autoritet i hertugdøma.

Konflikten rundt om Slesvig spissar seg til på 1840-talet. Det er spesielt skjebneåret 1848 kor ein i europeisk historie ser ein oppblomstringa av nasjonalisme, då ogso hos danskar og tyskarar. Revolusjonsåret, som 1848 det ogso kan kallast, tvinger eineveldige monarkar til reform.<sup>36</sup> Dette skjedde ogso i Danmark, kor kongen mista mykje av makta si til ei lovgjevande forsamling, som vedtok ein grunnlov kor Slesvigs framtid blei diskutert som ein

---

<sup>34</sup> Jahnke 2011: 279-280

<sup>35</sup> Jahnke 2011:280

<sup>36</sup> Rerup 1992: 345

del av Kongeriket Danmark. Grunnloven blir fyrst vedteken i juni 1849, men då var Heilstaten allereie i borgarkrig.<sup>37</sup> I likskap med dei andre tyske statane i det Tyske Forbund, blei det gjord opprøyr mot herskarane. Dette skjedde allereie i våren i 1848, og hadde som mål å danne ein sjølvstendig slesvig-holstensk stat innanfor det Tyske Forbund. Borgarkrigen skulle vare i 3 år, frå 1848 til 1850. Dei tyske fekk støtte frå Preussen, men grunna press frå dei andre stormakta, spesielt Russland, blei Heilstaten etablert på nytt.<sup>38</sup>

Lenge skulle freden ikkje vare, då i 1864 konflikten skulle flamme opp att. Grunnen at den danske regjering ville skape ein felles grunnlov for Slesvig og Danmark. Slesvig forblei nemleg eit einevelde, sjølv om Danmark hadde vorte eit konstitusjonelt monarki. Difor vedtok Danmark ein grunnlov som samla begge rika under ei regjering. Bak dette låg sjølvstendig nasjonalistiske tendensar. Den danske regjering ønska seg ein dansk nasjonalstat med grense til Holsten. Ejderen, straumen som skilja Slesvig og Holsten, skulle bli rikets nye sørlege grense. Naturlegvis skapa det sterke reaksjonar blant dei tysksinnande i Slesvig-Holstein. Dei fann igjen støtte blant det Tyske Forbundet, som vedtok at Preussen og Austerrike skulle gå inn for å sikre Slesvig sin status som eigenståande partar i forholdet til Danmark. Krigen enda i tysk siger, med slaget ved Dybbøl som markør av det danske nederlaget. Resultatet blei ei annektering av hertugdøma av Austerrike og Preussen.<sup>39</sup> Mange innbyggjarar av Slesvig var positive til maktskifte. Unntaket var naturlegvis den dansksinnande befolkninga i Nord-Slesvig.<sup>40</sup> Den danske minoritet skulle vere under tysk styre fram til 1920.

### Provinsen Schleswig-Holstein (1864-1920)

I mellomtida blei skjedde forandra deg seg ein del i Slesvig. For det fyrste mista Austerrike i 1866 posisjonen sin i Tyskland i ein krig mot Preussen. Dermed tok Berlin over styringa av Hertugdøma. I fredstraktaten mellom Preussen og Austerrike blei den danske befolkninga lova ei avrøysting om den statlege tilhøyregheita deira. Denne sokalla artikkel 5 i skulle dei neste 10 år bli diskutert både i København og Berlin.<sup>41</sup> For det andre visa Preussen seg til å vere interessert i å styre Slesvig og Holsten samla og under leiarskapet av prøyssiske byråkratar. Her møtte ein ikkje berre motstand frå danskar, men ogso tyske slesvig-holstenarar. Dei hadde ikkje kjempa to krigar mot Danmark, for å so bli styrt av Berlin.

---

<sup>37</sup> Rerup 1992: 359-360

<sup>38</sup> Rerup 1992: 379

<sup>39</sup> Lundgreen-Nielsen 1992: 145

<sup>40</sup> Østergård 2011: 29

<sup>41</sup> Hoffmann 1995: 200-201



Mange ønskja seg eit lokalt hertugdøme og fyrstehus.<sup>42</sup> Preussen ville då ikkje etablere slikt. Med rikssamlinga av Tyskland i 1871, visa det seg at Schleswig-Holstein ikkje skulle bli autonom del av det Tyske keisarriket, men ei prøyssisk provins.

Forvaltninga av Slesvig var prega av tyske interesser. Det finns fleire grunnar for dette. For det fyrste tyskarane sigerherrane ikkje berre over ein krig med Danmark, men også Austerrike og Frankrike. Preussen hadde klart å skape eit mektig tysk rike. På den andre sida ser ein eit svekka dansk kongerike. Danmark sjølv var ikkje i ei posisjon til å forhandle tilbake delar av Slesvig. Dei hadde tross alt mista 1/3 av landets areal og var no meir enn før utanrikspolitisk bunden til Tyskland. I trass for alt det blei gjennom 1870-talet avhalda møte mellom danske og tyske delegatar om grensespørsmålet. Resultatet blei då ingen forandring i riksgrensa.<sup>43</sup> Inntil vidare måtte danskesinnande vente for å bli høyrd.

Sjølv om situasjonen i Slesvig var langt ifrå opprørsk, so eksisterte det i nokon tilfelle konflikt. Blant anna blei dansksinnande veljarforeiningar og avis grunnlagd.<sup>44</sup> Vi ser også ein aukande minnekultur om krigen frå 1864, både frå dansk og tysk side. Slaget ved Dybbøl var for tyskarane ei feiring av nasjonen, imens dei danske minna om dei falne brødrane som ga livet sitt for Danmark.<sup>45</sup> Ei planlagd tysk feiring av 25års-jublieet av slaget ved Dybbøl måtte avløyasast av rikskanslar og rikssamlar Otto von Bismarck sjølv. Det blei gjort for å ikkje provosere dansksinnande og vidare halde nasjonale spenningar nede.<sup>46</sup> Leiarskapet i Tyskland var altso ikkje interessert i auka konflikt det fyrste tiåra. Som tida forandra seg, so forandra også politikken seg. I 1888 kjem keisar Wilhelm II til makta, og Bismarck blir erstatta som rikskanslar om eit par år seinare.<sup>47</sup>

Såleis ser ein frå byrjinga av 1890-talet ei auking i tysksinnande foreiningar. Dette kan ha ein samanheng med den generelle endringa nasjonalitetspolitikken. I tiåra før 1920 såg ein nemleg ei auka germaniseringspolitikk i det tyske keisarriket. Hovudvekta låg i aust retta i hovudsak mot polakkar, men ein kunne sjå det i alle ikkje-tyske grensetrakta. Nord-Slesvig var ikkje eit unntak. I 1890 blir blant anna «Deutscher Verein für das nördliche Schleswig» grunnlagt, med mål om å spreie den tysksinnande rørsla i Nord-Slesvig. Frå hundreårskiftet kallar dei seg «Nordmarkverein».<sup>48</sup> Ei mark er eit grenseområde, som gjerne er eit mål for

---

<sup>42</sup> Hoffmann 1995: 204

<sup>43</sup> Hoffmann 1995: 228

<sup>44</sup> Hoffmann 1995: 259

<sup>45</sup> Jessen 2011: 22

<sup>46</sup> Hoffmann 1995: 229

<sup>47</sup> Hastings 2023: 147-148

<sup>48</sup> Hofmann 1995: 288

kolonisering. Slik ser ein at desse foreiningane ville gjere Nord-Slesvig tyske. Mellom åra 1898 og 1903 var Ernst von Köller overpresident, altså hovudforvaltaren av Schleswig-Holstein. Köller var einig med foreiningane i politikk i Slesvig. Hovudfokuset var å gjere danskane meir tysk. Ein skulle tale tysk på offentlege stader. Barn til særleg dansksinnande foreldre kunne bli omplassert av myndigheita. Det resulterte i sterke reaksjonar både blant danskar og tyskarar. Til og med politikarar i Preussen gjekk til angrep mot von Köller, slik at han måtte gå av. Den meir generelle undertrykkinga av dansksinnande blei då vidareført.<sup>49</sup>

Når verdskrigen braut ut i 1914 blei ogso Slesvigs befolkning mobilisert i den keisarlege tyske hæren. Rundt 5 000 av dei 30 000 slesvigjarar som tenestegjord, falt under krigen. Dei fleste viste seg stort sett lojale ovanfor Tyskland. Mange dansksinnande såg militærtjeneste som ei måte for å sikre seg retten til sjølvråderett etter krigen.<sup>50</sup> Tyskland vann då ikkje krigen, men dette gjev moglegheiter på anna vis. Når krigen då tek slutt i 1918 blir representantar frå den danske rørsle aktive att. Dei reiser både til Berlin og Paris for å halde møter med stormaktene om Slesvigs framtid. I fredstraktaten i Versailles blei det lova ei folkeavrøysting i Nord-Slesvig med inndeling i to sonar. I perioden mellom folkeavrøystingane og overtakinga av vinnaren, skulle forvaltninga av Nord-Slesvig skulle bli overteken av Storbritannia, Frankrike, Noreg og Sverige.<sup>51</sup>

### Folkeavrøystinga

Gjennom Versaillesstraktaten blei vedteken at ei folkeavrøysting om Slesvigs framtid skulle haldast. På dansk side var dette ei sigerstund, imens tyskarane ikkje kunne gjere noko anna enn å protestere. Røysteretten i folkeavrøystinga blei då bestemt til å gjelde begge kjønn, slik det hadde blitt vanleg i både Danmark og Tyskland. Aldersgrensa var 20 år, og alle som var født i området eller hadde busette seg før 1900 hadde røysterett.<sup>52</sup> Dette var ein fordel for den dansksinnande sida, fordi mange tyskarar hadde flytta til Slesvig dei siste 20 åra. Sidan fødestad ga røysterett, reiste tusenvis av slesvigjarar som hadde flytta ifrå heimen sin tilbake til Slesvig.

Soneinndelinga blei teikna med inspirasjon av *Clausenlinja*, teikna av Viktor Clausen. Han trakk linja etter språklege og geografiske grensar. Linje gjekk på tvers av Slesvig, aust til vest. Ho gjekk nord for Flensborg og sør for Tønder. Soneinndelinga skulle sikre eit dansk tydeleg

---

<sup>49</sup> Hoffmann 1995: 269-271

<sup>50</sup> Jebesen & Klatt 2014: 184

<sup>51</sup> Treaty of Peace with Germany 1919: 103

<sup>52</sup> Treaty of Peace with Germany 1919: 103

dansk fleirtal i sone 1.<sup>53</sup> Sone 1 var den nordlege. Her skulle det røystast en-bloc, altså som ein felles valkrets. Avrøystingsdato her skulle bli den 10. februar. Sone 2 skulle det røystast bygd for bygd. Såleis var resultatet for Nord-Slesvig allereie klart, sidan dansktalande var av eit stort fleirtal. I sone 2 blei dato for avrøystinga lagt til den 14. mars. Borgarane i sone 2 hadde altså meir tid til å forebue seg og drive valkamp enn dei i sone 1. Det må nemnast at den tyske regjering foreslo ei nordlegare linje, Tiedjelinja. Den blei ikkje vedteken, men skulle få konsekvensar i valkampen i februar og mars 1920.<sup>54</sup>

10. februar røysta sone 1 med rundt 75 % seg til Danmark. I nokon byar var det eit fleirtal for Tyskland. 14. mars var det sone 2 sin tur. Her var resultatet berre 20 % for Danmark, konsentrert i dei austlege delane og byen Flensborg.<sup>55</sup> Innanfor dei dansksinnande kretsar var det mange som ønskja seg revisjon av avrøystinga i sone 2. «Danskane som budde her måtte få kome til Danmark» var argumentet mange ytra. Kongen av Danmark, Christian 10., vedtok difor eit uparlamentarisk regjeringsskifte i København for å få det til realitet. Resultatet var då annleis enn det ein hadde sett for seg. Frankrike og Storbritannia nekta å endre kva dei hadde avgjort i Versaillestraktaten. Den nye danske regjeringa måtte vike att for ei parlamentarisk regjering. Påskekrisa, som den også kallast, enda i blamasje på kongen og oppgjevinga av sone 2. Grensa blei offisielt endra i juni same året, med ein stor gjenforeiningsfest på Dybbøl Mølle. Staden som markerte skiljepunktet mellom Danmark og hertugdøma i 1864, hadde blitt symbolet på nasjonal samling.<sup>56</sup>

---

<sup>53</sup> Klatt 2020: 64

<sup>54</sup> Flensborg Avis 1920, 24. februar: 2-3

<sup>55</sup> Flensborg Avis 1920, 15. mars: 1-2

<sup>56</sup> Jebsen & Klatt 2014: 185

## Analyse

Kva er det som karakteriserer nasjonalismen i avisa februar til mars 1920? Avisa det er snakk om er for det fyrste dansksinnande, med ein klar agenda for Slesvigs tilslutning til Kongeriket Danmark. Ein ønskjer fyrst å vise til sosiale og økonomiske argument vi finn i avisa. Ein vil byrje med eit døme frå *Hejmdal* si utgåve frå den 6. februar 1920. Her kan ein nemleg sjå korleis Danmark si sosialpolitikk blir idealisert den vesle artikkelen «Danske Aldersdomshjem». Her det er snakk om dansks alderomsorg og etter kvart andre trygdeordningar. Ein tek i bruk direkte døme frå danske institusjonar, som til dømes gamleheim i Aarhus og Kolding. Her kan ein lese om «For de gamle sørger Danmark som en god moder»<sup>57</sup> Den påfølgjande dagen publiserast enno eit slikt innlegg. Denne gongen er det snakk om «Københavnske Kommuneskoler». Ein kan lese korleis barn har moglegheit til å lære etter interesse og til samfunnets gode.<sup>58</sup>

Slike innlegg er ikkje tilfeldig. Det prøvast å formidle Danmark sine sosialpolitiske bragdar, og selje dei nesten som i ei reklame. Her malast det bilete av nasjonen som forsørgjar for sine eigne svake og sjuke. Slesvigarar, som ein del av den danske nasjon, vil ogso kunne bruke dei gode nasjonale godane. Det går vekk frå nasjonen som eit reint språkleg fellesskap, til eit solidarisk samfunn kor alle medlem har moglegheit til å deltek i og få hjelp av andre. Barn har moglegheit til å lære fritt, men samtidig jobbe for samfunnets beste. Eldre som allereie har utført sine oppgåver for nasjonen får den omsorga dei har jobba for heile livet. Det seier seg sjølv at desse institusjonane verkar ønskjeleg å ha, ogso for slesvigarar. Avisartiklane kan forsterke den dansksinnande sida si posisjon. I tillegg kan det ogso vere retta mot tysksinnande, for å overtale dei til å røyste for Danmark berre tre dagar seinare, den 10. februar.

## Økonomi

Økonomiske forhold bestemmer ofte kva individ og samfunn kan oppnå i livet. Bur ein i fattigdom er ein mykje svakare enn om ein bur i rikdom. Nokon meiner at dei har svaret på å løyse økonomiske problem. Under valkampen om Slesvigs framtid i 1920 var det då ikkje dei økonomiske skiljelinjer som fekk hovudfokuset. Økonomi blir nemnd, men grensar blir ikkje teikna etter kva som gagnar næringslivet best. Clausenlinja leita etter språklege og geografiske

---

<sup>57</sup> Hejmdal 1920, 6. februar:1

<sup>58</sup> Hejmdal 1920, 7. februar:1

grenser, men ignorerte økonomi i det heile. Martin Klatt har skriven om korleis dette øydela økonomien av grensebyane Tønder og Flensborg. Byane og omlandet deira var avhengig av kvarandre. Når då grensa delte desse fellesskap, var konsekvensen økonomisk fiasko.<sup>59</sup> Ein må då seie at økonomi blei diskutert, men dette oftast i samanheng om territorial auking. Til dømes tysksinnande som ønskja seg Tønder i sone 2 og dansksinnande som såg på Flensborg som ei dansk by. Dette visast godt i dei valde dømme.<sup>60</sup>

Kritikk ovanfor Tyskland er naturlegvis ein del av valkampen. Her går ein so lagt som å setje spørsmålsteikn rundt om Tyskland vil vere i stand til å betale att reparasjonane. Blant anna visast det til i *Hejmdal* sin artikkelen «Kan Tyskland betale?» frå den 6. februar.<sup>61</sup>

Argumentet om at tyske borgarar skulle arbeide livet ut, berre for å so betale Tysklands fiendar, blei brukt mange gonger. Pro-danske røyster såg på Tyskland som eit fortapt land, utan framtidshåp. Dette gjer det tydeleg at redaksjonen i avisa hevdar at det å røyste tysk ikkje er eit berekraftig alternativ. Her ser ein igjen preg av økonomisk nasjonalisme. Danmark har ei stabil framtid, i motsetjing til den sørlege nabo Tyskland. Spørsmålet om den økonomiske framtida Tysklands, var på mange sine tankar. Alle var bevisst over den økonomiske situasjonen Tyskland var i, og *Hejmdal* prøvar å overtale lesarane til å røyste tysk. Ein kan sjå at økonomiske argument ikkje legg vekt på kva nasjon ein er født i, men kva nasjon ein kjenner tilhøyre til.

Ein finn fleire dikt i avisa og mange hadde nasjonalistiske element i seg. Slik var det ogso i det i *Hejmdal* publiserte diktet «De stemte sig hjem». I diktet nemnast det dei danske nasjonalfargar, raudt og kvitt, i tillegg til nesten paradiskliknande skildringar av landet.<sup>62</sup> For det fyrste so har dei danske nasjonalfargar ein spesiell symbolikk. Dei er nemleg det mest gjenkjennelege symbolet for Danmark. Det danske nasjonalflagget, Dannebrog, utgjerast ogso av desse fargar. Flagget er kjenneteikne av kongeriket Danmark frå mellomalderen til i dag. Såleis er raudt og kvitt identitetsfargane til den danske nasjon.

Kjenslene som omskrivast i diktet er djup positiv. Kvifor det? Ein svarar dette spørsmålet ved å sjå på nasjonalismeteorologi igjen. Nasjonar som ikkje er samla vil ikkje kunne vise sitt fulle potensial. Når dei so samlar seg under ein stat, vil samfunnsproblema kunne løysast seg. For den danske nasjonalstaten er augeblikket Slesvig blir dansk eit vendepunkt. No kan ein

---

<sup>59</sup> Klatt 2020: 64-65

<sup>60</sup> Flensborg Avis 1920, 24. februar: 1

<sup>61</sup> *Hejmdal* 1920, 6. februar: 1

<sup>62</sup> Henriksen 1920, 1. mars: 1

endeleg hevde seg sjølv som nasjon, fordi fokuset om nasjonal samling fell vekk. Dei undertrykkja slesvigarar halde fast til nasjonen, gjennom fleire tiår med hardskap. Kampen skulle no bli lønna med fridom. Ein gullalder skulle bli framtida til både Slesvig og Danmark. Denne tankegangen ser den samla nasjonalstaten som det endelege politiske målet.

## Rettferd

Spørsmålet om kva som er rettferdig er ofte i tankane til hen som må tek eit val. Ein har allereie diskutert sosialøkonomiske problemstillingar. No går ein vidare ved å sjå korleis *Hejmdal* og *Flensborg Avis* diskuterer rettferd.

For å byrje ønskjer ein å setje ljøs på ei proklamasjon i namn av styret i den danske veljarforeininga den 8. februar i *Flensborg Avis*. I døme blir det skriven om dei lange kampane den sønderjyske befolkninga har opplevd. Vidare omtalast moglegheita seg sjølv har no til å røyste seg att til Danmark. Dei omtalar seg sjølv ogso som danske og Danmark som heimen deira.<sup>63</sup> Avisa er ugjeven to dagar før folkeavrøystinga i sone 1. Av den grunn er det eit siste opprop for dansksinnande å røyste den 10. februar. Historiebruken spelar på ei hard og vanskeleg fortid. I over 50 år har dei vore tvungen i eit tysk rike, kor danske røyster går uhøyrtd. No kan dei endeleg gjere krav på den nasjonale retten deira. Vi kan her karakterisere nasjonalismen som i Slesvig som av irredentisk art. Eit nasjonalt mindretal med ein eigen identitet, men som er del av ein anna nasjonalstat enn dei sjølv.

Heile grunnlaget til *Flensborg Avis* og *Hejmdal* var kampen mot tyskheta i Slesvig.<sup>64</sup> Det blei gjord ved å halde befolkninga dansksinnande. Ein såg seg ikkje lengre som landskap mellom kongeriket Danmark og hertugdømet Holsten. Befolkninga utvikla seg til å identifiserte seg enten som tyske eller danske. Med folkeavrøystinga var det klart at eit samla Slesvig ville vere eit konsept frå fortida. Vi kan ogso sjå bruken av omgrepet *Sønderjylland* blant dei danske kretsar.<sup>65</sup> Sønderjylland brukast som eit synonym for Slesvig. Ordlegginga er då annleis. Slesvig omskriver landskapet og det politiske hertugdøme som eksisterte fram til 1864. Imens Sønderjylland omskriv eit sørleg dansk område. Dansksinnande kritisere ikkje bruken av Slesvig, men ein ser ei auking av ordet Sønderjylland og sønderjyder. Slik markere brukarane av omgrepa at Slesvig allereie er dansk og vil vere dansk i framtida òg.

---

<sup>63</sup> Flensborg Avis 1920, 8. februar :1

<sup>64</sup> Hoffmann 1995: 259-261

<sup>65</sup> Flensborg Avis 1920, 8. februar: 1.

Denne sjølvsikkerheita er då langt ifrå sanninga. Ein visste nemleg at Slesvig ville bli delt i to. Sør-Slesvig skulle ikkje røystast over og ville fortsetje å vere tysk. Difor var det behov for eit ordskifte. Det sørlege danske område finnast i 1920 berre i det nordlege Slesvig, mens resten er tysk. Grensa av kva som er Slesvig og kva som er Sønderjylland blir teikna ved resultatet av folkeavrøystinga. Sønderjylland vil då kome til Danmark. Dei dansksinnande som fortsetje å bu sør for grensa, vil då enno vere sønderjyder.

I motsetjing til den idealiserte rettferda, kan ein ogso sjå eit meir realistisk synspunkt. Dette tek form av kritikk ovanfor andre soneinndelingsforslag, som Tiedje-Linja. Som nemnd skulle grensa bli teikna meir nordleg enn det som blei vedteken. Denne blei i tyske kretsar sett på som urettferdig, grunna det tydelege danske fleirtalet i sone 1. Frå danske kretsar finn ein nokon som argumenterte for ei grense enno lengre sørover, heilt ned til Dannevirke og Slesvig by. Det blir her påpeika av H.P. Hanssen, som erkjende at argumentet hadde ein viss validitet, om det so ikkje var snakk om at titusenvis av dansksinnande ville so enno vere tyskarar. På den andre sida villa ei sørleg dansk grense berre auke antalet av det tyske mindretal i Danmark. I tillegg hevdar Hanssen at det er for seint for å endre linje slik ho blei teikna. Clausenlinja var det beste grenseforslaget ein hadde, og difor måtte ein forhalde seg til ho.<sup>66</sup> Her kan ein altso sjå at realiteten ikkje gjeldt for alle. Ein må difor seie at det ikkje var ein felles ide om kor grensa skulle gå, til og med blant dansksinnande. Utan tvil so var det hop om å vinne visse delar av sone 2 over til dansk side. Hanssen sjølv, som tidlegare redaktør for *Hejmdal*, var aktiv i denne debatten. Det var då eit mindretal på dansk side som ønskja seg eit avrøystingssone som gjekk heilt ned til Slesvig by.<sup>67</sup> Generelt man denne dette utdraget fortelje oss om dei forskjellige ønskja som eksisterte i tyske og danske miljø.

---

<sup>66</sup> Flensborg Avis 1920, 24. februar: 2-3

<sup>67</sup> Crone 2020: 27

## Debatten om Flensborg

For Flensborg by sjølv var valkampen avgjerande. Som nemnd hadde byen historiske band til Danmark, og det blei eit av hovudpoenga for den danske valkampen i sone 2. Det blei til og med organisert demonstrasjonar for Flensborg i København sjølv.<sup>68</sup> Slesvigs største by hadde ein heilt sentral status. På avrøystingsdagen i sone 2 publiserer *Flensborg Avis* ei lang avhandling av Vilhelm Marstrand. Her formildast det ei vissheit om at sone 2 vil røyste for Danmark. Han kjem ogso med utsaknet «For hvad der virkelig hører sammen, vil ikke kunne skilles»<sup>69</sup> For det fyrste visast det at det var oppslutning rundt Slesvigs sak i København. Viktigare visar artikkelen synet at sone 2 er like dansk som sone 1. Sitatet til Marstrand må sjåast i samanheng med ideen om at ein folk tilhøyrar eit geografisk område. Gjennom hundreåra smeltar folk og landskap saman i eit. Såleis kan ein sjå det som ei symbiose mellom menneske og natur. Ideen uttrykkjast ikkje berre av Marstrand, men brukast gjennom heile det lange 1800-talet.<sup>70</sup> For danske nasjonalistar som Marstrand er Slesvig då eit urdansk landskap med ei historie som går langt tilbake. Danskar har pløya jorda og bygd byane sidan den tidens morgon. Flensborg, som den største byen er difor naturleg dansk. Ikkje minst er skilje av Flensborg frå Danmark unaturleg, og dermed feil. Det argumentet er litt annleis enn det ein kan sjå for sone 1. I fyrste sone ser ein gjennomgåande eit argumentet om folkets rett til å bestemme over si eigen framtid. I sone 2 er eit slikt argument ikkje brukbar, fordi eit fleirtal er tysksinnande.

I trass for høg politisk aktivitet, so ville fleirtalet i sone 2 og Flensborg røyste for Tyskland. I *Flensborg Avis* sjølv kan ein to den 16. mars lese artikkelen «Efter 14. Marts». Her gjentekast dei tidlegare nemnde argument om kvifor ein burde røyste dansk. Lengre ut i teksten argumenterast det for at Flensborg burde bli dansk igjen.<sup>71</sup> Dette sjølv om eit stort fleirtal i byen røysta imot Danmark. Danske røyster har no blitt høyrd men dei var ikkje høge nok. Her visast nasjonalismen seg frå sin kompromisslause sida. Ein har fått den folkerettslege avrøystinga ein hadde ønskja seg i over 50 år. Det blei til og med lagd meir vekt på den danske sida i avrøystingssona. Likevel veljar *Flensborg Avis* å gå imot resultatet og hevde at byen må falle i Danmarks hender. Rettferda, som jo er eit so sentralt poeng i nasjonalismen, gjerast om når rettferda ikkje lenger samansvarar med måla til nasjonen. Nasjonalismen blir meir kompromisslaus, spesielt når debatten når sone 2.

---

<sup>68</sup> Hejmdal 1920, 5. mars: 2

<sup>69</sup> Marstrand 1920, 14. mars

<sup>70</sup> Kramer 2011: 58

<sup>71</sup> Flensborg Avis 1920, 16. mars: 1



## Valkampmøter

Både *Hejmdal* og *Flensborg Avis* er publikasjonsarena for valkampmøter. I denne delen vil ein sjå på fleire samanfatningar av desse møter. I artikkelen «Opplysningsarbeidet i anden zone» blir møta i Skovbøl, Goldelund og Ribøl omskriven. Korleis kan ein sjå nasjonalismen her? I alle stader haldast det talar, og i Skovbøl talar ein viss redaktør Hr. Christiansen, faktisk på det lokale plattysk. Han hevdar at alle som følte sterke band med Tyskland burde bryte dei banda til dei danske medborgarane. Truskapen er ein gamal slesvigsk eigenskap.<sup>72</sup> Presis denne ytringsforma kjenneteikna det tidlege 1900-talet. Auka konflikt mellom grupper i grenseregiona blir meir vanleg.<sup>73</sup> Over natta blir nabofamilien, som budde i same landsby som ein sjølv i fleire hundreår, ikkje lenger ein del av fellesskapet. Nasjonen tek her altso over rolla som lokalsamfunnet tidlegare hadde. Det gamle samfunnsbilete blir knusa og nye strengare reglar etablerast for å avgjere kven som høyrer heime kor. For befolkninga sjølv må det ha vore vanskeleg å måtte velje, spesielt når området er tospråkleg. Plattysk og sønderjysk hadde begge sitt heim i Slesvig. Sjølv om ein kanskje likestilte språka med ei av dei to rørsle, so var det ikkje sanninga. I sone 2 var tysk det vanlegaste språket, ogso i den historisk danske byen Flensborg. I sone 1 blei mange eigentleg dansktalande overtala til å røyste tysk. Språk er ein sentral identitetsmarkør, men Slesvig var fokuset meir på lojaliteten til eit av landa. På den måten påpeikar Christiansen ein viktig aspekt i valkampen.

Vi ser nemleg korleis dyden av truskap blir omskriven som ein slesvigsk kjerneverdi. Verdien får langt att i historia. Denne framstillinga er typisk for ein moralsk nasjonalisme. Nasjonen er av natur av god. Det finns ikkje moglegheit for noko anna. Truskapen til Danmark blir framstilt som eit kriterium for medlemskap i det slesvigske lokalsamfunnet. Manglande lojalitet til det gode, altso den danske nasjon, vil difor resultere i utestenging av nasjonen. Dette kan sjåast i utsaknet frå ein tidlegare kommuneforstandar; «Hvem der er dansk, stemmer dansk. Hvem der er tysk, stemmer tysk!»<sup>74</sup> Med den etablerte konteksten betyr det at ein allereie har bestemt seg kva ein er og kva ein røyster. Er ein god, røyster ein for dei gode. Om ein ikkje er det kan ein heller aldri røyste for dei gode. Det er moralsk argumentasjon på sitt høgaste nivå.

---

<sup>72</sup> Flensborg Avis 1920, 24. februar: 2

<sup>73</sup> Hastings 2023: 192-196

<sup>74</sup> Flensborg Avis 1920, 24. februar: 2

I dei andre møta kan ein lese om tyske talarar som deltek i debatten saman med dei danske. *Flensborg Avis* omskriv at desse tysksinnande talarane utan tvil ikkje hadde vunne debatten. *Avisa* går heller ikkje i djupet på kva dei so faktisk sa.<sup>75</sup> Atter ein gong blir biaset til *Flensborg Avis* openbart for oss. Ein er ikkje interessert i framstillinga av dei tyske argument. Dei går aktivt inn ved å dementere den tyske sida sine haldingar. For lesaren verkast det slikt at den tysksinnande sida berre nemnast for å vise kor mykje betre den danske sida er. Den tyske sida blir alltid avfeia som feil og ikkje-slesvigske. Nasjonalismen i *Flensborg Avis* er dermed klart fiendtleg innstilt ovanfor den tyske sida. Dansk nasjonalisme blir slikt avhengig av ikkje-akseptansen av det tyske.

### Dei falne soldatar

Tidleg i 1920 var det ikkje eit og halvt år sidan soldatane sto ved frontlinjene. Mange slesvigarar kjempa og falt både i aust og vest. «Til vore faldne» er eit dikt av Julie Sarauw som vart skriven 10. februar og publisert i *Flensborg Avis* 2. mars. Diktet er lada med kjensler som stoltheit og glede for dei dansk-slesvigske soldatar, men også sorg. Sarauw byrjar med å ei skildring av ein solrik dag kor ein heiser flagg mot himmelen. Det er fylt med glede, men også med sorg for dei tapte åra under tysk styre. So senkast flagget på halv mast. Det gjerast for å markere dei falne soldatar som kjempa i fyrste verdskrig. Sorga og minna om «Slesvigs sønner» som ligg gravlagd i fjerne strender er tydeleg. Tapet er då ikkje forgjeves, fordi Nord-Slesvig no har vorte fritt på nytt att.<sup>76</sup>

I diktet blir slesvigske soldatar heltegjord. Dei måtte tene i hæren til undertrykkjaren og betalte for det med livet. Heltedådar er ikkje noko nytt i nasjonalismen, den er trass alt fylt med saga som sterke nasjonale heltar. Danske soldatar frå krigane 1848-51 og 1864 blei idolisert som tapre menn som forsvara fedrelandet.<sup>77</sup> Ein må her skilje mellom 1800-talets krigar og fyrste verdskrigen. Mellom 1914 og 1918 kjempa soldatane frå Slesvig ikkje for fedrelandet Danmark, men for undertrykkjaren Tyskland. Om ein ser på primærkjelda, so brukast slesvigarar i den tyske hær svært lite. Det bevisste unnlatinga av titusenvis av unge menn sine erfaringar kan fortelje oss ein god del om kva nasjonalismen dreia seg om.

---

<sup>75</sup> Flensborg Avis 1920, 24. februar: 2

<sup>76</sup> Sarauw 1920: 2

<sup>77</sup> Adriansen 2011: 90-92

Soldatane passa ikkje inn i narrativet av eit nasjonalt mindretal som blei fråstole rettane sine. Som dansksinnande skulle ein vere lojal til Danmark, og ikkje tyskaren i sør.

Eit interessant fenomen er minnet rundt om 1864. *Flensborg Avis* skildrar hendingane den 6. februar 1920 i artikkelen «Glæde for Sorg». Teksten omskriv tilbaketrekkinga av dei danske soldatane frå Dannevirke til Dybbøl.<sup>78</sup> Krigen som stadfesta tysk makt og dansk umakt, markerte ogso eit skilje i Flensborgs historie. Kjensla av skuffelse av den danske hoplausheita går gjennom heile teksten. Sjølv om soldatane kjempa tappert, var slutten av krigen allereie bestemt. Danmark sto nemleg heilt aleine mot Europas stormakter. Slik går i det minste narrativet i artikkelen. For dei dansksinnande flensborgarar var no venting det einaste dei kunne gjere. Vente på den dag at Danmark igjen var herre over byen. På denne måten etablerast ein tanke om Flensborg, ikkje berre som ein dansk by i fortida, men ogso som levande noverande. Byens befolkning ventar fortsett på frigjeringa frå tysk undertrykking. Med ei slik omskriving av flensborgarane er danskheita deira sikra. Her må vi igjen sjå på nasjonen som eit moralsk vesen. Byen er dermed den mest danske byen av alle. I trass for motvind, krig og tap, so er byen enno sterk og dansk.

#### Avrøystinga i sone 2

I Hejmdal kan ein den 13. mars lese i artikkelen «Dagen før Afstemningen» om kva som hender i Flensborg. Det omskrivast at byens bebuararar har flagga for det meste med dei tyske fargar. Det omtalast då at ein kan sjå ein god del Dannebrogflagg, og at det skinnar skjønneheit og reinheit i fargane raudt og kvitt.<sup>79</sup> For lesaren er det ikkje gøymd at danskane er i mindretal i byen. Likevel blir symbolet på danskheita, Dannebrog, omskriven på ein svært positiv måte. Det er nærmast som at Dannebrog har ein sterkare effekt enn dei tyske flagga. Dette seier noko om synet til Hejmdal angående avrøystinga i sone 2. Ein var bevisst over at danskane var i mindretal, men ein var likevel sikker på at den danske saken var den rette. Den er ikkje berre den rette, men ogso den moralske gode vegen å gå.

Ein kan lese vidare om kva Flensborg Avis sjølv tenkjer om situasjonen i sone 2 etter 14. mars. Avisa omtalar den 25. mars korleis folkets vilje ikkje blei høyrd, i tillegg til eit dolkestøyt frå sine eigne allierte.<sup>80</sup> Danskane i sone 2 måtte forhalde seg til andre nasjonar sine spelereglar, ikkje dei dei sjølv ønskja. Faktumet var at befolkninga i sone 2 røysta med rundt 80 % for Tyskland. Spesielt interessant er kven som har skulda for det, nemleg danskar

---

<sup>78</sup> Flensborg Avis 1920, 6. februar: 1

<sup>79</sup> Hejmdal 1920, 13. mars: 2

<sup>80</sup> Flensborg Avis 1920, 25. mars: 1

sjølv. Danmark har svikta Mellom-Slesvig ved å anerkjenne vilkåra til referendumet. Den danske stat gjekk heller ikkje aktiv inn for å endre valresultatet. Denne dolkestøyten kjenner ein altfor godt til i Tyskland på same tid.<sup>81</sup> Slike mytar blir skapa for å forklare eit nederlag, når sigeren eigentleg var klar. Forrædarane blir, gjennom handlingane sine, mindre verdt. Nasjonen er avhengig av lojalitet. Når delar av nasjonen då blir ulojale mistar dei statusen i nasjonen. I dette tilfelle er den danske regjering dolkestøytaren og offeret deira er befolkninga i sone 2. Blant denne befolkninga hevda ogso avisa at ein hadde forrædarar. Ein hadde nemleg trudd at antalet dansksinnande var mykje høgare enn valresultatet hadde vist.<sup>82</sup> Dansksinnande hadde altso røysta for Tyskland. I det minste var det forklaringa ein presenterte i Flensborg Avis.

Mot slutten av artikkelen krevjast det politisk handling for å då danskane i sone 2 til Danmark.<sup>83</sup> Vi veit at det kong Christian 10. blei aktiv og skifta ut den parlamentariske danske regjeringa. Resultatet var den sokalla «Påskekrisen», kor ei parlamentarisk regjering blei gjeninnsatt og Danmark droppa saka om grensedraginga.<sup>84</sup> Dette nemnast for å vise at argumentet presentert i Flensborg Avis ønskjer at presis dette skjer. Ein var klar til å bruke alle middel for å oppnå målet av nasjonal samling.

---

<sup>81</sup> Hastings 2023: 196

<sup>82</sup> Flensborg Avis 1920, 25. mars: 1

<sup>83</sup> Flensborg Avis 1920, 25. mars: 1

<sup>84</sup> Jebsen & Klatt 2014: 185

### Analyse av illustrasjonar

I valkampar brukast gjerne plakatar for å spreie eit budskap. Folkeavrøystinga i Slesvig var ikkje noko unntak. Begge sider i valkampen tok i bruk plakatar som skulle overtale folk til å røyste på den «rette» sida.<sup>85</sup> Her er det for det meste snakk om plakatar som skal opphengas, for folk flest til å sjå. Av og til publiserast desse illustrasjonane ogso i avisa. Ein skal dedikere eit heilt segment av teksten til analyse av publiserede plakatar. Dei vil gje moglegheit til å vise korleis Flensborg Avis og Hejmdal visualiserte dei sentrale argument.

<sup>86</sup>Hejmdal publiserde eit propandaplakat den 8. februar. På illustrasjon 1 visast ei kvinne med gloria og dannebrogflagg, med ein ørn i bakgrunnen. «Nu kalder Danmark paa sine børn- farvel for evigt du tyske ørn» står det skriven under illustrasjonen.<sup>87</sup> Danmark blir personifisert gjennom ei kvinne, eit symbol for uskuld. Faktumet at ho har ei gloria rundt hovudet forsterkar den heilage statusen til Danmark. Bakgrunnsørnen pek naturlegvis mot Tysklands undertrykking av Slesvig. Den mektige tyske ørnen er mykje større og sterkare enn vesle Slesvig. Likevel har dei dansksinnande haldt ut i over eit halvt hundreår. På denne måten kan den avbilda kvinna ogso symbolisere heile den danske nasjonen, inkludert Nord-Slesvig. Teksten under gjer forventninga som valet nokso klart. Nord-Slesvig kjem utan tvil til å røyste for Danmark. Tyskland har tapt kampen mot ein sterkare dansk rørsle. Dette visar sjølvssikkerheita til illustratøren, og avisa som vel å publisere den. Denne sjølvssikkerheita kjem nok frå ei ide om nasjonar som moralske vesen.



Illustrasjon 1: Thor Bøgelund-Jensen 1920

<sup>85</sup> Jebsen & Klatt 2014: 183

<sup>86</sup> Det må her nemnast at ein berre har funne namninformatjonen til kunstnarane ved å søkje opp kjelda fyrst på Google, so Det Kongelige Bibliotek. For bilete utan tekst enda søkinga berre på villspor. Grunna det referast dei til som «Ukjend kunstnar».

<sup>87</sup> «Nu kalder Danmark paa sine børn- farvel for evigt du tyske ørn» Thor Bøgelund-Jensen i Hejmdal 1920 8. februar: 2

Ein går vidare med Flensborg Avis frå 11. februar, dagen etter avrøystinga i sone 1. Her ser ein i illustrasjon 2 eit kulturlandskap med ei kvinne som hissar eit dannebrogflagg. Kulturlandskapet er innramma av Danmark og Slesvigs våpenskjold.<sup>88</sup> Symbolikken er klart. Slesvigs landskap blir her definert som eit kjernedansk territorium. Den regionale identiteten av slesvigarane grunnar på ein dansknasjonal identitet. Dei to våpenskjolda som står saman understrekar dette poenget enno meir. Våpenskjolda er nærmast identiske, noko som understrekar Slesvig og Danmarks historiske og ikkje minst naturlege tilknytning. Dannebrog som flaggar over begge våpenskjold kan ogso sjåast som den symbolet til samlinga av Danmark og Slesvig.



Illustrasjon 2: Ukjend kunstnar 1920

Kvinna er akkurat som tidlegare personifiseringa av det slesvigske folk. Denne gongen tek ho ein meir aktiv rolle som flagghissar. Med det markerast det slesvigske folk vilje-og-kampstyrke. Ho brukar krafta si til å hisse opp Dannebrog. Ei hardtarbeidande kvinne som pløyer jorda, driv gard og med eit hjarte som slår for Danmark. Ein fellesnemnar gjennom historia er historia er kvinner si morsrolle. I førre illustrasjon såg ein Danmark som mor til Slesvig. I bilete frå 11. februar kan kvinna sjåast som personifiseringa av Slesvig i kvinneleg kropp, mor Slesvig altso.

For å gå vekk frå familiære relasjonar, skal ein no sjå på to plakat frå den 12. februar i Hejmdal. Illustrasjon 3 er ein plakat frå Tønder og bilete 2 er frå Haderslev, begge byar i sone 1. Akkurat som ved førre avsnitt blei desse bilete publisert i konteksten av den danske valsigeren i sone 1. I begge bilete er byane avbilda i tillegg til ein tekst. For Tønder so seier den innkransa teksten «Vi stemmer i friheds og fredstids gry, tilbage til Danmark vor gamle



Illustrasjon 3: Thor Bøgelund-Jensen 1920

<sup>88</sup> Ukjend kunstnar i Flensborg Avis 1920, 11. februar: s. 2

by.”<sup>89</sup> Innkransinga av teksten kan vere til å markere den positive stemninga plakaten har. Det skal nemleg feirast at Tønder blir dansk. Fridomen og freden er altso noko som ventar byen no som ein har røysta seg att til Danmark. Det er rett Tønder skulle bli dansk, men fleirtalet i byen røysta for Tyskland.<sup>90</sup> Som tidlegare nemnd ønskja dei tysksinnande at sone 1 skulle gå nord for Tønder, noko som skapa dansk motreaksjon. Som eit motargument til dei mange tysksinnande brukast igjen historia til byen, akkurat som med Flensborg. Våpenskjoldet til Tønder er avbilda, noko som refererer til lokalidentiteten til byen. Fortida til byen tilhøyrar Danmark, difor må framtida ogso vere. Slik kan plakaten tolkast.

Teksten til illustrasjon 4 er «Nu kommer den favre tid vi vented saalænge.» Igjen er teksten innkransa. Vi kan sjå jord og himmel, og ein soloppgang. I midten har vi byen som i Hejmdal blir omtala som Haderslev.<sup>91</sup> Framtida blir igjen glorifisert. Soloppgongen får ogso bilete til å kjennast varmare. Sola er òg symbolet på håpet ein har for det komande åra under dansk styre. Biletet ropar at tid har kome for å gjere alt godt att. Landet har vore lagd i skuggen av prøyssisk tyranni i over eit halvt hundreår, men no har tiden kome for fridom. Grunnleggjande må det seiast at plakaten feirar valresultatet, som ein siger for Haderslev. Byen er no igjen ein del av nasjonen ho alltid hadde tilhøyra, og no skal ho blomstre.



Illustrasjon 4: Rasmus Christiansen 1920

<sup>92</sup>Som siste illustrasjon ønskjer ein å ta med illustrasjon 5 frå den 10. februar i Flensborg Avis.<sup>93</sup> Det er to hendingar som avbildast på kvar side av bilete. Til venstre har ein ein mann som held opp ein plakat med orda «Danmark-Dänemark» på. Ståstaden hans er klar. Danmark er valet ein må. Dei jublande folkemassane støttar opp om han. Mannen har plakaten høgrehanda si, men med venstrehanda peiker



Illustrasjon 5: Molsen? 1920

<sup>89</sup> «Vi stemmer i friheds og fredstids gry, tilbage til Danmark vor gamle by» av Thor Bøgelund-Jensen i Hejmdal 1920, 12. februar: s. 1

<sup>90</sup> Flensborg Avis 1920, 11. februar: 3

<sup>91</sup> «Nu kommer den favre tid vi vented saalenge» av Rasmus Christiansen i Hejmdal 1920, 12. februar: s. 1

<sup>92</sup> Her er ein usikker på kva namn kunstnaren har. Sjølv lesar ein «Molsen», men er usikker.

<sup>93</sup> «Vil vil Hjem» av ein ukjend kunstnar i Flensborg Avis 1920, 11. februar: s. 2

han mot høgre. Her ser ein enno ein mann, denne gongen i fysisk arbeid, med bar overkropp og som hakkar inn orda «Vi vil hjem» i stein. Steinen kan symbolisere styrken av utsaknet. I tillegg er stein for evig, og meiningane til dei som vil heim til Danmark vil aldri endre seg. Hoggaren er ein fysisk sterk ung mann. Her kan mannen samanliknast med kvinna som hissar flagget i illustrasjon 2. Mannen har styrken i seg for å utføre handlinga, ei handling som gjerast med kjærleik for sin nasjon. Dei fysiske attributtane er symbol på ein sterk og frisk dansk ungdom. Framtida til nasjonen er altso sikra til neste generasjon. Nasjonen er ikkje berre eit konsept her og no, men må vidareførast over generasjonane. Den nasjonale bevisstheita kan ikkje gå tapt og nasjonalkjensla må overleve hundreåra.

## Funn og refleksjon

Vi har no gjennom analysen oppdaga dei mest sentrale trekk ved Flensborg Avis og Hejmdal si framstilling av nasjonalismen i Slesvig i 1920. Generelt er diskursen før 10. februar prega av større narrativ om tysk undertrykking i Slesvig. Endeleg skulle ein få retten til å vende att til Danmark. Valkampen i Nord-Slesvig/Sone 1 var på mange måtar nokso tydeleg offensivt frå dansk side. Fleirtalet i landsdelen hadde ønska seg fridom frå Tyskland i fleire tiår. For Mellom-Slesvig/sone 2 var det grunnleggjande forskjellig. Her hadde danskar berre håp om at den historiske byen Flensborg ville vende att til Danmark. Det var presis dette som karakteriserte diskursen mellom 10. februar og 14. mars. Flensborg by si historie som konge og handelsby blei lagd fokus på i dankssinnande kretsar.

For å byrje med samanfatinga, ønskjer ein å sjå på sjølve områdenamnet *Slesvig*. Vi kan i fleire døme sjå korleis Slesvig og Sønderjylland brukast om det same området. Begge namn er historiske og korrekte å anvende for landskapet. Kor dei skil seg er at Sønderjylland berre brukast blant dansksinnande. I denne teksten har ein vald å berre omtale området som Slesvig, og det er fordi Sønderjylland var eit politisk lada omgrep rundt om folkeavrøystinga i 1920. Slesvig er eit eigenståande landskap separert frå Danmark, som eit eget fyrstedøme har området vore grenseland mellom den danske og tyske kulturfæren.<sup>94</sup> Sønderjylland er frå ordet av den sørlege spissen av den danske halvøya Jylland. Ved å kalle det slik krevjar ein i nasjonalistisk forstand at Sønderjylland er og alltid vil vere ein del av Danmark.

---

<sup>94</sup> Jahnke 2011: 280



*Nord-Slesvig/sone 1*

Ein ønskjer med dette avsnittet å samanfatte dekninga av sone 1. Kjelda som omtala sone 1 var prega av sigersvisshet. Sone 1 blei trass alt teikna for å garantere eit dansk fleirtal. Dekninga i avisa er difor prega av optimisme. Ein feira at ein endeleg ville vere fri, men samtidig minna ein om dei siste 56 åra under tysk styre. Sjølv om sigeren var sikker, gladt det å overtale dei tysksinnande til å akseptere den danske stat. Det blei gjord ved å leggje vekt på skilnadane mellom Tyskland og Danmark. Økonomi, sosialpolitikk og historia blei brukt for å vise at Danmark var det rette valet.<sup>95</sup> Kor effektivt det faktisk var, kan ein ikkje lett uttale seg om. På dansksinnande side var ein nemleg ikkje alltid like samarbeidsvillig. Kvar gong ein fremma ein agenda om det danske språk, so ville det vekke tvil om språkrettane til det tyske mindretal.

*Flensborg/sone 2*

For sone 2 var situasjonen nokso annleis enn i sone 1. Tyskarane hadde eit fleirtal berre grunna den store befolkningsdelen dei utgjorde. Danskane hadde større støtte jo lengre aust ein kom.<sup>96</sup> Dette kan vere grunnen til at hovudfokuset i avisa var om Flensborg si framtid. Det var ogso mogleg at dekninga av Flensborg blei overrepresentert grunna Flensborg Avis si rekkjevidde. Fokuset blei so å få Flensborg og omheng over til dansk side. Slik ein kans sjå i analysen, so brukast det historiske argument for å vinne befolkninga i sone 2 for den danske sak. Ein såg att til tida kor Flensborg var ei mektig by *Heilstaten*. Byen er altso ein historisk del av det danske riket. I det miste kan var det argumentet. Språket var heller ikkje like viktig som i sone 1. Det kan grunnast med at fleirtalet sone 2 snakka helst tysk i daglegtalet. Difor kunne dei dansksinnande ikkje vere for dogmatisk med den språklege nasjonalismen. I avsnittet om valkampsmøter ser ein døme på dansksinnande som talar på tysk til ei gruppe i sone 2.

Når avrøystinga nærma seg for sone 2, var den danske sidan bevisst at dei var i eit mindretal. I trass for det halde dei fast ved at saken deira ville vinne. Det gjorde den ikkje. Det tyske fleirtalet i sone 2 førte til opprop om å overføre Flensborg til Danmark likevel. Nasjonen måtte samlast igjen. Sjølv om Flensborg hadde røysta seg til Tyskland var byen av historiske grunnar bunden til Danmark. Til slutt ville denne kompromisslausheita ikkje endre på

---

<sup>95</sup> Her refererast til alle utvalde tekster frå Hejmdal og Flensborg Avis som er i kjeldelista.

<sup>96</sup> Flensborg Avis 1920, 15. mars: 1

situasjonen, men det visar oss korleis den danske nasjonalismen uttrykkjer seg etter avrøystinga.

### Ikkje-dekte tema og vidare forskning

Tysk nasjonalisme blei som allereie i innleiinga sagt ikkje analysert i denne oppgåva. Originalt var det planen, men grunna ikkje publiserte historiske avisar var det vanskeleg. I tillegg til det so har ein ogso opplevd problem me. Som nemnd, so er alle illustrasjonar frå rundt om avrøystinga i sone 1. Difor er valkampen i sone 2 ikkje med i den illustrative analysen av nasjonalismen. Dette førar til at illustrasjonane dekkja i avisa berre er brukbar for tidleg februar 1920.

Noko som er interessant er at ei finn få omtalar om den frisiske befolkninga sine meiningar rundt grensespørsmålet. Dette kan ha med kjeldeutvalet å gjere, som no berre var dansksinnande avis. Den frisiske befolkninga budde i den vestlege delen av sone 2, men ein såg her ogso eit stort fleirtal for Tyskland.<sup>97</sup> Grunnen til det kan være mangfaldig, men inneberer ein manglande frisisk identitet til det danske. Ein kan ogso debattere kor mykje den dansksinnande rørsla arbeidde for å overtale frisarar til saken deira. Vi ser nemleg eit stort fokus rundt Flensborg når det kjem til valkampen i sone 2. I motsetjing finn ein nesten ingenting om områda vest for Flensborg. Vi veit ogso at byen og omlandet til Tønder i sone 1 røysta for Tyskland. Dette kan indikere ein generell større støtte for det tyske i dei nord-vestlege delane av Slesvig.

For ei meir utdjupa analyse av fenomenet nasjonalisme i Slesvig krevjast det for det fyrste meir tid. Då kunne ein kanskje ha analysert fleire artiklar eller utvida perioden til å gjelde heile året 1920. Med tida kan ein etterspørje tilgang til arkiv og reise til området. Dette er då langt større enn ei bacheloroppgåve og krevjar minst oppgåva på masternivå.

---

<sup>97</sup> Flensborg Avis 1920, 15. mars: 1

## Avslutning

Den danske nasjonalismen funne i Slesvig blir uttrykkja i *Flensborg Avis* og *Hejmdal* på forskjellige måtar. Grovt omskriven er nasjonalismen prega av kjærleik og hat. Kjærleiken får uttrykk gjennom glede, stoltheit, framtidshåp osv. Danmark er kjærleiksobjektet for *Hejmdal* og *Flensborg Avis*. Ved å røyste seg til Danmark vil framtida til Slesvig bli perfekt. Dei to områda høyrer saman og er udelelege partar av same danske nasjon. Blant anna ser ein at danske sosialinstitusjonar nærmast blir forguda i avisa. I mellomtida snakkar ein ikkje om dei lokale gamleheim, skoler og liknande. I kombinasjon med denne nasjonale kjærleiken finn ein ogso hat. Dette hatet er retta mot Tyskland, som gjennom dei siste 56 år hadde mildt sagt gjort seg upopulært bland dei dansksinnande slesvigarar. Historiebruken er sentral når det kjem til kritikk ovanfor Tyskland. Då brukast spesielt krigen i 1864 og påfølgjande år med «prøyssisk tyranni». Grunna dette blir den tyske sida ofte merka som ibuande dårleg. Anti-tyske haldingar er difor karakterisande for dansk nasjonalisme i avisa. Denne kombinasjonen av faktorar førar til at avisa ikkje bruker omgrepet *Slesvig* for området som røysta seg til Danmark. Heller brukast Sønderjylland, og dermed markerast ogso tidpunktet kor Slesvig blir delt i ein bestemt tysk og dansk del. Med *Genforeningen* i juni 1920 ville Danmarks sørlege grense vere uforandra fram til i dag.

## Litteraturliste

- Adriansen, I. (2011). 1864- nederlaget i erindringskulturen. I Jankhe, C. & Møller, J. F. (Red.) *1864 – og historiens lange skygger: Den dansk-østrigsk-preussiske krig i 1864 og den betydning i dag* (s. 89-120). Ihleo Verlag
- Anderson, B. (2006). *Imagined Communities*. (3. Utg). Verso.
- Bøgelund-Jensen, T. (1920, 8. februar). Hejmdal
- Bøgelund-Jensen, T. (1920, 12. februar). Hejmdal
- Christiansen, R. (1920, 12. februar). Hejmdal
- Crone, K. (2020). National og regional dansk identitet i Sønderjylland. *Akademisk Kvarter*, 9(21). 24-37
- Flensborg Avis. (1920, 6. februar). Glæde for Sorg
- Flensborg Avis. (1920, 8. februar). Sønderjyder
- Flensborg Avis. (1920, 11. februar). Folkeafstemningen i Sønderjylland, første Zone, den 10. Februar 1920.
- Flensborg Avis. (1920, 24. februar). Opplysningsarbejdet i anden zone
- Flensborg Avis. (1920, 24. februar). Minister H.P. Hanssen om «Tiedje-Linjen».
- Flensborg Avis. (1920, 15. mars). Folkeafstemningen i Sønderjylland, anden Zone, Søndag den 14. Marts 1920.
- Flensborg Avis. (1920, 16. mars). Efter 14. Marts - Det danske Folks Skæbnetime.
- Flensborg Avis. (1920, 25. mars). Et Samlingsgrundlag.
- Hardt, N. (2011). Dannevirke- et nationalt identitetssymbol. I Jankhe, C. & Møller, J. F. (Red.) *1864 – og historiens lange skygger: Den dansk-østrigsk-preussiske krig i 1864 og den betydning i dag* (s. 171-183). Ihleo Verlag
- Hastings, D. (2023). *Nationalism in Modern Europe*. (2. Utg). Bloomsbury.
- Hejmdal. (1920, 5. mars). En københavnsk Demonstration for Flensborg.
- Hejmdal. (1920, 6. februar). Danske Alderdomshjem.
- Hejmdal. (1920, 6. februar). Kan Tyskland betale?

- Hejmdal. (1920, 7. februar). Københavnske Kommuneskoler.
- Hejmdal. (1920, 13. mars). Dagen før Afstemningen.
- Henriksen, H. (1920, 1. mars). De stemte sig hjem. *Hejmdal*, s. 1
- Hobsbawn, E. (1990). *Nations and Nationalism since 1780*. (2.Utg). Cambridge University Press.
- Hoffmann, E. (1995). *Das Nationalitätenproblem in Schleswig 1867-1914*. Wachholtz Verlag.
- Jebsen, N. & Klatt, M. (2014). The negotiation of national and regional identity during the Schleswig-plebiscite following the First World War. *First World War Studies*, 5(2), 181-211.
- Jessen, C. (2011). Düppel oder der lange Schatten der Geschichte. I Jankhe, C. & Møller, J. F. (Red.) *1864 – og historiens lange skygger: Den dansk-østrigsk-preussiske krig i 1864 og den betydning i dag* (s. 21-26). Ihleo Verlag.
- Jahnke, C. (2011). 1864 under der Verlust der eigenen Geschichte: Die Borrussifizierung des schleswig-holsteinischen Geschichtsbewusstseins in den Volksschulen. I Jankhe, C. & Møller, J. F. (Red.) *1864 – og historiens lange skygger: Den dansk-østrigsk-preussiske krig i 1864 og den betydning i dag* (s. 279-305). Ihleo Verlag.
- Klatt, M. (2020). 1920-grænsen: national optimal, økonomisk katastrofal? *Akademisk kvarter*, 9(21), 60-72
- Kramer, L. (2011). *Nationalism in Europe and America: politics, cultures, and identities since 1775*. University of North Carolina Press.
- Lundgreen-Nielsen, F. (1992). Grundtvig og danskhed. I Feldbæk, O. (Red.), *Dansk Identitetshistorie 3: Folkets Danmark 1848-1940*. (s. 9-179) C.A. Reitzels Forlag.
- Marstrand, V. (1920, 14. mars). Afstemningen den 14. Marts 1920. *Flensborg Avis*, s. 1
- Rerup, L. (1992). Folkestyre og danskhed. Massenationalisme og politik 1848-1866. I Feldbæk, O. (Red.), *Dansk Identitetshistorie 3: Folkets Danmark 1848-1940*. (s. 337-440) C.A. Reitzels Forlag
- Sarauw, J. (1920, 2. Mars). Til vore faldne. *Flensborg Avis*, s. 2
- Treaty of peace with Germany (Treaty of Versailles) (1919).

Ukjend kunstnar. (1920, 11. februar). Flensborg Avis

Vollertsen, N. (1992). Danmark, Island, Nordslesvig. Nationale bevægelser og dansk politik 1848- 1920. *Scandia*, 58(1), 103-121.

Østergård, U. (2011). Nederlaget 1864 i dansk og tysk historie. Jankhe, C. & Møller, J. F. (Red.) *1864 – og historiens lange skygger: Den dansk-østrigsk-preussiske krig i 1864 og den betydning i dag* (s. 27-42). Ihleo Verlag.

